

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Stein Kittelsen  
Arkivsaksnr.: 16/3461 - 8

Arkiv: 145

### Planlagt behandling:

Formannskapet  
Kommunestyret

## BUDSJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN 2017-2020

### Vurdering:

Innstilling til budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020.

Viser til vedlagt budsjettforslag vedteke i økonomiutvalet 31. oktober 2016.

Kommunestyret vedtok 14. november 2016 i sak 57/16 budsjettendring/tertialrapport 2, overføring av 42 millionar med tilhøyrande investeringar frå 2016 til 2017. Endringa er i samsvar med kolonna «til 2017» i [«investeringar – skjema 2B»](#) i høyringsutkastet.

Som følgje av vedtaket må difor kolonna «til 2017» slås saman med kolonna «2017» i endeleg budsjettforslag og finansieringa må endrast tilsvarende. Forskyvinga av låneopptaket frå 2016 til 2017 medfører ikkje vesentleg endring i renter og avdrag i planperioden.

Endringane framgår av tabellane under.

Endringane er innarbeida i vedtakspunkta i innstillinga.

<b>Investering</b>	<b>Beløp</b>
Omsorgsbustadar	7.000.000,-
Diverse tomtekjøp	1.000.000,-
Fellespostar skulane	1.000.000,-
Orstad skule/grendahus – utbetring	1.000.000,-
Klimaplan/Enøk	2.000.000,-
Sentrum/Meieriet	2.500.000,-
Gang- sykkelveg Lalandsvegen	2.000.000,-
Veg utbyggingsavtale Sporafjell	12.000.000,-
Klepp gravplass – opparbeiding	13.500.000,-
<b>Sum</b>	<b>42.000.000,-</b>

<b>Finansiering</b>	<b>Beløp</b>
Tilskot bustader	-2.800.000,-
Lån bustader	-4.200.000,-
MVA kompensasjon	-6.000.000,-
Investeringsslån	-29.000.000,-
<b>Sum</b>	<b>-42.000.000,-</b>

### Fullmakter:

Lønsreservene er budsjettert i fellespost. Rådmannen ber om fullmakt til å fordela desse på rammene i samsvar med resultatata av lønsforhandlingane.

Rådmannen ber om fullmakt til å flytte tilskot flyktningar og avsetning til flyktningefond inn i ramme for Tenesteområdet helse og velferd slik at heile det økonomiske ansvaret for flyktningearbeidet vert samla.

Forslag er innarbeida i forslag til vedtakspunkt 8 A og B.

### **Saksgang:**

Økonomiutvalet sitt forslag til budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 vedtatt i møtet 31. oktober, har vore publisert på kommunen si nettside. Forslaget er på høyring til utvala, med frist for uttale 24. november.

Innkome uttaler vert publisert som vedlegg til saka når høyringsfristen er ute.

Formannskapet gir innstilling til kommunestyret i møte 28. november 2016.

Handlingsplanen vert lagt ut til offentleg høyring i samsvar med kommunelova frå 28. november til 12. desember.

Kommunestyret vedtek budsjettet 12. desember.

Forslag til betalingssatsar går fram av vedlegg og kommentarar. Desse vert vedtekne som ein del av budsjettsaka så sant ikkje særskilde forhold tilseier eigne saksframlegg.

### **Vedlegg:**

Økonomiutvalet sitt forslag til budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 er tilrettelagt for nettleasing og tilgjengeleg på kommunen si heimeside under menypunktet "Økonomi", og på direkte link:

<https://www.klepp.kommune.no/planer-og-rapporter/utkast-okonomiplan-2017-2010/>

Planen på nett vert oppdatert i samsvar med vedtak i økonomiutval, formannskap og kommunestyret eit par dagar etter vedtaka er fatta.

### **Innstilling:**

1. A Forslag til budsjett for 2017 og økonomiplan for 2017-2020 i skjema 1A, 1B, 2A, og 2B vert godkjent med innarbeida endringar.  
B *Nettoramme* for kvart rammeområde for 2018 vert lagt til grunn i utarbeidinga av rammene for 2018.
2. Forskottskatt og forskottstrekk på formue og inntekt vert rekna etter dei maksimale satsar Stortinget vedtek for 2017.
  - Skatt på inntekt 11,8 %
  - Skatt på formue 0,7 %
3. A Til finansiering av investeringar i 2017 vert det godkjent eit samla låneopptak på kr 162.102.000,- som fordeler seg slik:

1. Ordinære investeringar.....	kr 89.602.000,-
2. VAR-investeringar.....	kr 24.900.000,-

- |  |                 |
|--|-----------------|
| 3. Bustader Husbanken.....                       | kr 22.600.000,- |
| 4. Lån til vidare utlån frå Husbanken (Startlån) | kr 25.000.000,- |

B Nedbetalingstid på lån 2017-2020, ekskl. lån i Husbanken, skal ikkje overskrida **30** år. Nedbetalingstid på lån i Husbanken skal ikkje overskrida 25 år.

C Låneopptaka vert gjort i samsvar med retningslinjer og innanfor fullmakter i gjeldande finansreglement sist vedteke 15.06.2015.

D I medhald av forskrift om startlån frå Husbanken krev Klepp kommune inn eit administrasjonsgebyr på 0,25 % pr. utlån.

4. A Framlegg til mål 2017 vert godkjent.

B Under område økonomi vert lagt til grunn følgjande mål – i % av driftsinntektene:

1. Netto driftsresultat i % av driftsinntektene: > 1,5 %
2. Lånefinansiering i % av finansieringsbehov < 70 %
3. Disposisjonsfond i % av driftsinntektene > 5 %
4. Netto lånegjeld (langsiktig gjeld – utlån - ubrukte lån) i < 60 % av driftsinntektene

5. Kommunale avgifter/gebyr og betalingssettar vert vedtatt i samsvar med vedlegg.

6. A Det vert gjennomført utgreiing av nytt «kommunehus» i sentrum. Utgreiinga skal omfatta fellesfunksjonar for innbyggjarane som kulturscene, bibliotek, kulturskule, servicefunksjonar, administrasjon, møterom m.m. Innbyggjarar, lag og organisasjonar skal involverast i arbeidet.

B Lokalisering skal sjåast i samanheng med sentrumsplanen og kollektivtrafikk.

C Utgreiinga skal omfatta ein finansieringsplan kor bygget vert realisert ved frigjerung av eksisterande verdiar i bygg, eigedommar og eksisterande leigeavtalar.

D Fleirbruksløyvingane kan og dekkja skulebehov og idrettshall. Middel avsett til desse kan tas med i samla finansieringsplan.

E Utredninga vert lagt frem for formannskapet innan september 2017. Forhandlingsutvalet blir involvert i arbeidet.

7. Klepp kommune inviterer Hå kommune og Time kommune til drøfting om felles brannvern.

8. A Rådmannen får fullmakt til å flytte tilskot til flyktingar og avsetning til flyktingefond inn i ramma til Tenesteområdet helse og velferd.

B Rådmannen får fullmakt til å fordele lønnsreserva i samsvar med resultatane av lønsforhandlingane

Rådmannen i Klepp 16.11.2016

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*